



Møteprotokoll

Utval:	Utval for helse og sosial
Møtestad:	Kommunesenteret møterom 3042
Dato:	05.05.2026
Tid:	Kl. 11:00 - 13:38

Følgjande medlem møtte	Parti
Haldor Andre Lungård Hove	Ap
Vegard Rake Midtun	H
Kari Synnøve Muri	KrF
Johan J Berge	Sp
Jorunn Oddny Aa Myklebust	Sp
Endre Bø	V

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti	
Marit Sandnes Skrede	Sp	Even Inge Nesje	Sp	Sp

Underskrifter:

Haldor Andre Lungård Hove
-leiar-

Alexander Rande
kommunalsjef

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
008/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
009/26	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
010/26	Referatsaker
011/26	Støttekontaktordninga - svar på verbalframlegg
012/26	Svar på søknad om serveringsløyve - Pota Madre Sogndal AS, avd. Stryn (Org.nr. 936 934 943)
013/26	Coop Prix Olden svar på søknad om sal av alkohol i delvis betjent butikk
014/26	Mellombels endring av alkohollova (unntak for maksimaltid for skjenking under fotball VM herrar 2026)
015/26	Bustadpolitisk handlingsplan 2026–2034 – Stryn kommune
016/26	Godkjenning av årsmelding 2025
017/26	Svar på søknad om serveringsløyve - Innvik Fjordcamp/Norway West Tourisme AS (org.nr. 931 758 136)
018/26	Svar på søknad om serveringsløyve Glør Bistro (Mølla Gjestehus)
019/26	Svar på søknad om skjenkeløyve Glør Bistro (Mølla Gjestehus)

008/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Utval for helse og sosial 05.05.2026:

Handsaming:

UHS- 008/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

009/26: Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Utval for helse og sosial 05.05.2026:

Handsaming:

UHS- 009/26 Vedtak:

Protokoll frå forrige møtet vart godkjent.

010/26: Referatsaker

Utval for helse og sosial 05.05.2026:

Handsaming:

Utvalet deltok på felles orientering v/NAV

Orientering/status helse og sosial v/kommunalsjef Alexander Rande

UHS- 010/26 Vedtak:

Referatsaker vert teke til vitande.

011/26: Støttekontaktordninga - svar på verbalframlegg

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vert teke til vitande.

Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne 04.05.2026:

Handsaming:

Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne har følgjande merknad:

Sjå tenester i samanheng, kva kan kommunen koordinere betre. Besøkseneste, innkjøpsavtalar med komp etc. Det er viktig at kommunen og andre aktørar informerar om tilbod med ledsagar.

Når det gjeld støttekontakter må ein vurdere i kvart enkelt tilfelle alder på støttekontakt og om den bør kunne disponere bil.

Kommunedirektøren sitt framlegg med merknad frå Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne samrøystes tilrådd.

REF- 011/26 Vedtak:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vert teke til vitande.

Merknad frå rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne:

Sjå tenester i samanheng, kva kan kommunen koordinere betre. Besøkseneste, innkjøpsavtalar med komp etc. Det er viktig at kommunen og andre aktørar informerar om tilbod med ledsagar.

Når det gjeld støttekontakter må ein vurdere i kvart enkelt tilfelle alder på støttekontakt og om den bør kunne disponere bil.

Utval for helse og sosial 05.05.2026:

Handsaming:

Under handsaming av saka vart utvalet gjort merksame på ei feil formulering i framlegg til vedtak.

Rett formulering er: Sak om Støttekontaktordninga - svar på verbalframlegg vert teke til vitande.

Samrøystes tilrådd

UHS- 011/26 Vedtak:

Sak om Støttekontaktordninga - svar på verbalframlegg vert teke til vitande.

012/26: Svar på søknad om serveringsløyve - Pota Madre Sogndal AS, avd. Stryn (Org.nr. 936 934 943)

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Pota Madre Sogndal AS, avd. Stryn, org nr 936 934 943, vert i medhald av serveringslova § 3 innvilga serveringsløyve for serveringsvogn.

Plassering av vogna er i Wallhallavegen 2 i Stryn jf. vedlagd kart. Åpningstider er på dagtid med unntak av enkelte helgar (festilvalhelgane).

Mathias Hool, f. 1974, vert godkjend som ansvarleg for serveringsløyvet.

Det er ein føresetnad for løyvet at verksemda er registrert ved Mattilsynet og at drifta til ein kvar tid er i samsvar med krava i Serveringslova.

Det er høve til å klage på vedtaket innan 3 veker etter melding om vedtak er motteken jf. Forvaltningslova §28. Statsforvaltaren i Vestland er klageorgan. Ev. klage vert å sende Stryn kommune, Helse- og sosialkontoret, Tonningsgata 4, 6783 Stryn.

Utval for helse og sosial 05.05.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedteke

UHS- 012/26 Vedtak:

Pota Madre Sogndal AS, avd. Stryn, org nr 936 934 943, vert i medhald av serveringslova § 3 innvilga serveringsløyve for serveringsvogn.

Plassering av vogna er i Wallhallavegen 2 i Stryn jf. vedladg kart. Åpningstider er på dagtid med unntak av enkelte helgar (festilvalhelgane).

Mathias Hool, f. 1974, vert godkjend som ansvarleg for serveringsløyvet.

Det er ein føresetnad for løyvet at verksemda er registrert ved Mattilsynet og at drifta til ein kvar tid er i samsvar med krava i Serveringslova.

Det er høve til å klage på vedtaket innan 3 veker etter melding om vedtak er motteken jf. Forvaltningslova §28. Statsforvaltaren i Vestland er klageorgan. Ev. klage vert å sende Stryn kommune, Helse- og sosialkontoret, Tonningsgata 4, 6783 Stryn.

013/26: Coop Prix Olden svar på søknad om sal av alkohol i delvis betjent butikk

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Coop Prix Olden org.nr. 942 736 654 ved dagleg leiar/styrar for salsløyvet Renate Fuglestrand får løyve til sal av alkohol med inntil 4,7% alkohol, med teknologien CoopKey (fjernstyrt butikk) i Coop Prix sine lokale i Olden. Stedforterder er Frode Oppheim (f 1977)

Heimel: Alkohollova §3-1 og Rusmiddelpolitisk handlingsplan Stryn kommune 2024-2028.

Sal av alkoholhaldig drikk skal skje innanfor gjeldande salstid:

Kl 08:00 -20:00 på kvardagar

Kl 08:00 – 18:00 på dagar før søn-og helligdagar

Dagen før Kristi Himmelfartsdag er unnateke og vert rekna som ein kvardag. Det same gjeld dagen før 1. og 17.mai.

Sal av alkoholhaldig drikk er ikkje tillate på søn – og helligdagar samt 1. og 17.mai.

Periode for sal av alkohol i digitalt betjent butikk er som omsøkt:
Digitalt sal kvardagar mellom 08.00-10:00 og mellom kl 18.00-20:00.
Laurdag mellom 08:00-10:00

Løyvet gjeld til 30.09.2028

Det er høve til å klage på vedtaket innan 3 veker etter melding om vedtak er motteke.
Statsforvaltaren er endeleg klageorgan. Jf. forvaltningslova §28 og alkohollova § 1-16. Ev. klage vert
å sende Stryn kommune, Tonningsgata 4, 6783 Stryn eller postmottak@stryn.kommune.no

Utval for helse og sosial 05.05.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedteke

UHS- 013/26 Vedtak:

Coop Prix Olden org.nr. 942 736 654 ved dagleg leiar/styrar for salsløyvet Renate Fuglestrand får
løyve til sal av alkohol med inntil 4,7% alkohol, med teknologien CoopKey (fjernstyrt butikk) i Coop
Prix sine lokale i Olden. Stedforterder er Frode Oppheim (f 1977)

Heimel: Alkohollova §3-1 og Rusmiddelpolitisk handlingsplan Stryn kommune 2024-2028.

Sal av alkoholhaldig drikk skal skje innanfor gjeldande salstid:

Kl 08:00 -20:00 på kvardagar

Kl 08:00 – 18:00 på dagar før søn-og helligdagar

Dagen før Kristi Himmelfartsdag er unnateke og vert rekna som ein kvardag. Det same gjeld dagen
før 1. og 17.mai.

Sal av alkoholhaldig drikk er ikkje tillate på søn – og helligdagar samt 1. og 17.mai.

Periode for sal av alkohol i digitalt betjent butikk er som omsøkt:
Digitalt sal kvardagar mellom 08.00-10:00 og mellom kl 18.00-20:00.
Laurdag mellom 08:00-10:00

Løyvet gjeld til 30.09.2028

Det er høve til å klage på vedtaket innan 3 veker etter melding om vedtak er motteke.
Statsforvaltaren er endeleg klageorgan. Jf. forvaltningslova §28 og alkohollova § 1-16. Ev. klage vert
å sende Stryn kommune, Tonningsgata 4, 6783 Stryn eller postmottak@stryn.kommune.no

014/26: Mellombels endring av alkohollova (unntak for maksimaltid for skjenking under fotball VM herrer 2026)

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med atterhald om at endring av alkohollova § 4-4 vert vedteken av Stortinget innfører Stryn kommune dei mellombelse endringane slik det er vist til i PROP 88 L med maksimal skjenketid for alkoholgruppe 1 og 2 frå 08:00 til kl 06:00 i tidsrommet 11.juni til 19.juli 2026.

Det er ikkje tillate med skjenking på utandørs areal etter kl 02:00 for verksemder som får utvida skjenketid.

Søknadar om einskilthøve og utvida skjenketid vert handsama etter konkret vurdering i kvar sak.

Søknadar om utvida skjenketid blir handsama administrativt.

Utval for helse og sosial 05.05.2026:

Handsaming:

Det kom følgjande framlegg frå Kari Synnøve Muri (KRF):

Skjenketidene vert uendra. Det vert høve til å halde ope til kl. 06.00

Det vart røysta over framlegg frå Muri. Det fekk 3 røyster og fall.

Kommunedirektøren sitt framlegg fekk 4 røyster og vert tilrådd.

UHS- 014/26 Vedtak:

Med atterhald om at endring av alkohollova § 4-4 vert vedteken av Stortinget innfører Stryn kommune dei mellombelse endringane slik det er vist til i PROP 88 L med maksimal skjenketid for alkoholgruppe 1 og 2 frå 08:00 til kl 06:00 i tidsrommet 11.juni til 19.juli 2026.

Det er ikkje tillate med skjenking på utandørs areal etter kl 02:00 for verksemder som får utvida skjenketid.

Søknadar om einskilthøve og utvida skjenketid vert handsama etter konkret vurdering i kvar sak.

Søknadar om utvida skjenketid blir handsama administrativt.

015/26: Bustadpolitisk handlingsplan 2026–2034 – Stryn kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Bustadpolitisk handlingsplan for Stryn kommune 2026–2034 blir vedteken slik den ligg føre, og er kommunen sitt overordna styringsdokument for bustadpolitikken i planperioden.
2. Tiltak i planen skal følgjast opp og vurderast årleg gjennom økonomiplan og budsjett.

Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne 04.05.2026:

Handsaming:

Rådet ønskjer å kome med slik uttale:

Viser til formålet med bustadpolitisk handlingsplan og berekraftig omstilling.

Det er viktig at ein brukar rett omgrep om rett bustad, og at kommunen legg til rette for bustadar som gjer at eldre kan bu heime lenger, og at ein stimulerar til tilflytting til kommunen.

Kommunen må legge til rette for bustadar der folk kan velje om ein vil kjøpe eller leige.

Kommunen må vere dørøpnar for Husbanken og bindeledd til utbyggjarane.

Rådet ønskjer at Stryn kommune må satse på bustadbygging i områder som har gåavstand til sentrum. Ønskjer at kommunen skal initiere sameige/burettslag med fellesfunksjonar som fordeler utgifter på fleire. Dette kan få ned lånekostnader for dei som skal bu der.

Administrasjonen må sjå den bustadpolitiske planen og planen for helse i samanheng.

Kommunedirektøren sitt framlegg med tillegg frå Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne samrøystes tilrådd.

REF- 010/26 Vedtak:

1. Bustadpolitisk handlingsplan for Stryn kommune 2026–2034 blir vedteken slik den ligg føre, og er kommunen sitt overordna styringsdokument for bustadpolitikken i planperioden.
2. Tiltak i planen skal følgjast opp og vurderast årleg gjennom økonomiplan og budsjett.

Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne viser til formålet med bustadpolitisk handlingsplan og berekraftig omstilling.

Det er viktig at ein brukar rett omgrep om rett bustad, og at kommunen legg til rette for bustadar som gjer at eldre kan bu heime lenger, og at ein stimulerar til tilflytting til kommunen.

Kommunen må legge til rette for bustadar der folk kan velje om ein vil kjøpe eller leige.

Kommunen må vere dørøpnar for Husbanken og bindeledd til utbyggjarane.

Rådet ønskjer at Stryn kommune må satse på bustadbygging i områder som har gåavstand til sentrum. Ønskjer at kommunen skal initiere sameige/burettslag med fellesfunksjonar som fordeler utgifter på fleire. Dette kan få ned lånekostnader for dei som skal bu der.

Administrasjonen må sjå den bustadpolitiske planen og planen for helse i samanheng.

Inkluderingsutvalet 05.05.2026:

Handsaming:

Randi Lillestøl gjekk gjennom endringar sidan sist.

-Det er lagt opp til at ein kan bygge boligar der bukostnadane er overkommelege. Det er bra.

- Sosiale soner er viktig for god inkludering.

-Viktig å legge til rette for at flyktingar også kan bu utanfor Stryn sentrum.

- Viktig å gå i frå plan til handling. Starte søknad til Husbanken.

Torstein Tvinnereim (V) kom med slik tilleggsframlegg:

Det vil vere viktig å prioritere at familiar kan bli buande i kommunen. Dette kan vere ved å ha eit fond som hjelper familiar til kome innanfor og etterkvart få lån i Husbanken. Inkluderingsutvalet oppfordrar til at kommunen hjelper familiar til å kunne få etablert seg i kommunen så langt som råd er.

Kommunedirektøren sitt framlegg med tilleggsframlegg frå Torstein Tvinnereim vart samrøystes tilrådd.

IU- 009/26 Vedtak:

1. Bustadpolitisk handlingsplan for Stryn kommune 2026–2034 blir vedteken slik den ligg føre, og er kommunen sitt overordna styringsdokument for bustadpolitikken i planperioden.
2. Tiltak i planen skal følgjast opp og vurderast årleg gjennom økonomiplan og budsjett.

Det vil vere viktig å prioritere at familiar kan bli buande i kommunen. Dette kan vere ved å ha eit fond som hjelper familiar til kome innanfor og etterkvart få lån i Husbanken. Inkluderingsutvalet oppfordrar til at kommunen hjelper familiar til å kunne få etablert seg i kommunen så langt som råd er.

Utval for helse og sosial 05.05.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

UHS- 015/26 Vedtak:

1. Bustadpolitisk handlingsplan for Stryn kommune 2026–2034 blir vedteken slik den ligg føre, og er kommunen sitt overordna styringsdokument for bustadpolitikken i planperioden.
2. Tiltak i planen skal følgjast opp og vurderast årleg gjennom økonomiplan og budsjett.

016/26: Godkjenning av årsmelding 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner den framlangde årsmeldinga for Stryn kommune for 2025 slik den ligg føre.

Utval for helse og sosial 05.05.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

UHS- 016/26 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner den framlangde årsmeldinga for Stryn kommune for 2025 slik den ligg føre.

017/26: Svar på søknad om serveringsløyve - Innvik Fjordcamp/Norway West Tourisme AS (org.nr. 931 758 136)

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Norway West Tourisme AS, org.nr. 931 758 136, vert i medhald av serveringslova §3 (§§4-6 jf. §7) og Delegeringsreglement for Stryn kommune §2, innvilga serveringsløyve ved Innvik Fjordcamp, Fjordvegen 3266, 6793 Innvik.

Tasneem Baadarani vert godkjent som styrar av serveringsløyvet.

Det er ein føresetnad for løyvet at politiet ikkje har merknader til søknaden.

Det er vidare ein føresetnad at verksemda er registrert ved Mattilsynet og elles etterlever serveringslova.

Ein gjer merksam på at røykelova stiller krav til verksemda.

Det er høve til å klage på vedtaket innan 3 veker etter melding om vedtak er motteken.

Statsforvaltaren er endeleg klageorgan jf. forvaltningslova § 28.

Ev. klage vert å sende Helse- og sosialkontoret, Tonningsgata 4, 6783 Stryn.

Utval for helse og sosial 05.05.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedteke

UHS- 017/26 Vedtak:

Norway West Tourisme AS, org.nr. 931 758 136, vert i medhald av serveringslova §3 (§§4-6 jf. §7) og Delegeringsreglement for Stryn kommune §2, innvilga serveringsløyve ved Innvik Fjordcamp, Fjordvegen 3266, 6793 Innvik.

Tasneem Baadarani vert godkjent som styrar av serveringsløyvet.

Det er ein føresetnad for løyvet at politiet ikkje har merknader til søknaden.

Det er vidare ein føresetnad at verksemda er registrert ved Mattilsynet og elles etterlever serveringslova.

Ein gjer merksam på at røykelova stiller krav til verksemda.

Det er høve til å klage på vedtaket innan 3 veker etter melding om vedtak er motteken.

Statsforvaltaren er endeleg klageorgan jf. forvaltningslova § 28.

Ev. klage vert å sende Helse- og sosialkontoret, Tonningsgata 4, 6783 Stryn.

018/26: Svar på søknad om serveringsløyve Glør Bistro (Mølla Gjestehus)

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Glør Bistro v/Peter Halmi (f 1980) vert i medhald av serveringslova § 3 innvilga serveringsløyve i lokale i Fjordvegen 1537 i Olden

Peter Halmi vert godkjend som ansvarleg for serveringsløyvet.

Det er ein føresetnad for løyvet at verksemda er registrert ved Mattilsynet og at drifta til ein kvar tid er i samsvar med krava i Serveringslova.

Vi minner om at røykelova set krav til verksemda.

Det er høve til å klage på vedtaket innan 3 veker etter melding om vedtak er motteken jf.

Forvaltningslova §28. Statsforvaltaren i Vestland er klageorgan. Ev. klage vert å sende Stryn kommune, Helse- og sosialkontoret, Tonningsgata 4, 6783 Stryn.

Utval for helse og sosial 05.05.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedteke

UHS- 018/26 Vedtak:

Glør Bistro v/Peter Halmi (f 1980) vert i medhald av serveringslova § 3 innvilga serveringsløyve i lokale i Fjordvegen 1537 i Olden

Peter Halmi vert godkjend som ansvarleg for serveringsløyvet.

Det er ein føresetnad for løyvet at verksemda er registrert ved Mattilsynet og at drifta til ein kvar tid er i samsvar med krava i Serveringslova.

Vi minner om at røykelova set krav til verksemda.

Det er høve til å klage på vedtaket innan 3 veker etter melding om vedtak er motteken jf. Forvaltningslova §28. Statsforvaltaren i Vestland er klageorgan. Ev. klage vert å sende Stryn kommune, Helse- og sosialkontoret, Tonningsgata 4, 6783 Stryn.

019/26: Svar på søknad om skjenkeløyve Glør Bistro (Mølla Gjestehus)

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i Alkoholova, Retningsliner for sal og skjenking av alkohol og Delegringsreglement for Stryn kommune, vert Glør Bistro AS innvilga tidsavgrensa skjenkeløyve for alkoholgruppe 1, 2 og 3 gjeldande til 30.11.2026. Som grunngjeving vert det vist til vurderinga.

Det er ein føresetnad at serveringsløyve vert innvilga og at politiet ikkje har merknad til søknaden.

Skjenkeareal innandørs og utandørs er på adressa Fjordvegen 1537 .

Peter Halmi er godkjend som styrar for skjenkeløyvet. Kjetil Karstad vert godkjend som avløyssar.

Skjenketid: Søndag – torsdag: Gruppe 1 og 2: 08.00 – 01.00.

Gruppe 3: 13.00 – 01.00

Fredag, laurdag og dagar før beveglege helge- og høgtidsdagar:

Gruppe 1 og 2: 08.00 – 02.00.

Gruppe 3: 13.00 – 02.00

Konsum og utskjenka alkohol skal opphøre seinast 30 minutt etter at skjenketida er ute.

Det er ein føresetnad for skjenkeløyvet at verksemda har gode rutinar for internkontroll og at drifta til ei kvar tid er i samsvar med krav i alkoholova og i gjeldande rusmiddelpolitiske handlingsplan for Stryn kommune.

Det er høve til å klage på vedtaket innan 3 veker etter melding om vedtaket er motteke.

Statsforvaltaren er endeleg klageorgan jf. Alkoholova §1-16 og forvaltningslova §28. Eventuell klage vert å sende Stryn kommune, Tonningsgata 4, 6783 Stryn

Utval for helse og sosial 05.05.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedteke

UHS- 019/26 Vedtak:

Med heimel i Alkoholova, Retningslinjer for sal og skjenking av alkohol og Delegringsreglement for Stryn kommune, vert Glør Bistro AS innvilga tidsavgrensa skjenkeløyve for alkoholgruppe 1, 2 og 3 gjeldande til 30.11.2026. Som grunngeving vert det vist til vurderinga.

Det er ein føresetnad at serveringsløyve vert innvilga og at politiet ikkje har merknad til søknaden.

Skjenkeareal innandørs og utandørs er på adressa Fjordvegen 1537 .

Peter Halmi er godkjend som styrar for skjenkeløyvet. Kjetil Karstad vert godkjend som avløyssar.

Skjenketid: Søndag – torsdag: Gruppe 1 og 2: 08.00 – 01.00.

Gruppe 3: 13.00 – 01.00

Fredag, laurdag og dagar før bevegelege helge- og høgtidsdagar:

Gruppe 1 og 2: 08.00 – 02.00.

Gruppe 3: 13.00 – 02.00

Konsum og utskjenka alkohol skal opphøre seinast 30 minutt etter at skjenketida er ute.

Det er ein føresetnad for skjenkeløyvet at verksemda har gode rutinar for internkontroll og at drifta til ei kvar tid er i samsvar med krav i alkoholova og i gjeldande rusmiddelpolitiske handlingsplan for Stryn kommune.

Det er høve til å klage på vedtaket innan 3 veker etter melding om vedtaket er motteke.

Statsforvaltaren er endeleg klageorgan jf. Alkoholova §1-16 og forvaltningslova §28. Eventuell klage vert å sende Stryn kommune, Tonningsgata 4, 6783 Stryn